

Årsmelding 2024

Styret har i 2024 vart samansett som følgjer:

Per Espen Edvardsen	Styreleiar
Linda Haug Kollbotn	Nestleiar
Anne Gro Aadland	Sekretær
Knut M Bjørnås	Styremedlem/dagleg leiar
Kurt Hauge	Styremedlem
Shirin Kvernes Khadoor	Kommunal representant (frå 01.12.23 - 2027)
Tomas Hellevang	Vara for Kommunal representant
Vara medlemmar :	Anna Wærdahl Tveiterås
	Erlend Steinsland
Revisor :	Gro Stikkholmen
Valnemnd :	Odd Arne Haga og Erlend Klette Røssland

Thea Marie Steinsland vald som styremedlem på årsmøte 10.04.2024, men har ikkje hatt høve til å møta. I samsvar med vedtektene skal laget leiast av eit styre på 5 medlemmer (leiar og 4 styremedlemmer). Ein av styremedlemmene skal utnemnst av kommunen, men den kommunale representanten kan ikkje veljast til leiar av laget. Som det går fram av styresamansetjinga ovanfor har styre samansetninga vert i samsvar med vedtektene. Styret har derfor ikkje funne det naudsynt å gjera noko med samansetninga.

Samnanger Næringsforum har fått tilgang på kontorplass i Kommunehuset på Tysse, og har skifta adresse til Tyssevegen 217 . 5650 Tysse. Mail og telefonnummer er det same som før dvs. post@samnanger-naering.no og mobil: 97094408 / 91817207. Kontordagar – etter behov- er fredagar frå Kl. 10:00

Medlemsutviklinga:

Ved årsskiftet hadde forumet 36 medlemmar som er det same som førre driftsår.

Også gjennom 2024 har næringsforumet vert medlem i Bjørnafjorden næringsråd, og betaler ein årleg kontingent for dette. Medlemskapet gjer at Samnanger Næringsforum sine medlemmar får nyttig informasjon, og har tilgang til arrangement og andre tilstellingar, i regi av Bjørnafjorden næringsråd.

Styret tilrådde årsmøte å fornya medlemskapet i Bjørnafjorden Næringsråd for inneverande år (2025, og ber årsmøte om samtykke til dette..

Næringsforumet arrangerer sjølv temakvelder og bedriftsbesøk lokalt i kommunen.

Aktivitetane:

Eit årleg arrangement er Bjørnafjordkonferansen der i alt 3 styremedlemmar frå Næringsforumet, i tillegg til Samnanger kommune sin ordførar og næringsutviklar, deltok. Samnanger Kommune sa seg villig til å sponsa billetter til dette arrangementet, noko styret er svært glad og takknemleg for. Tilbakemelding om konferansen har vert positive.

Styreformann og kasserar deltok på «Oneo ocean week.» En møteplass for debatt, erfaringsutveksling og opplevingar knytt til en berekraftig utnytting av havet. Arrangement der Næringsforumet var til stades vart halde om bord i seglskuta Statsråd Lehmkuhl. Fleire svært interessante foredragshaldarar held innlegg i tillegg til at nokre filmar vart vist.

I oktober var Næringsforumet invitert av Kvam Arbeidarparti til frukostmøte i Kvam Rådhus. Hensikten med møte var å setja fokus på situasjonen kring tilgang på elektrisk kraft. Frå energi- og miljøkomiteen møtte stortingsrepresentant Linda Monsen Merkesdal. Fleire frå næringslivet i Kvam var til stades.

Frå Samnanger Næringsforum møte Per Espen Edvartsen og Knut Bjørnås. Debatten dreidde seg om korleis ein kan få bygd ut meir kraft, for å skapa utvikling og arbeidsplassar i kommunane. Det var fleire gode diskusjonar og utvekslinga av synspunkt, som i Linda Monsen Merkesdal ville ta med seg tilbake til stortinget.

Vegbom på vegen til industriområdet i Rolvsvåg.

Næringsdrivande, som er etablert i industriområdet har, med verknad frå 01.01.2025 teke over administrasjonsarbeidet, som drift og vedlikehald av vegbommen fører med seg. Etter eige ynskje er Samnanger Næringsforum friteken frå dette arbeidet.

Kurs i regnskapsarbeid, i regi av SpareBank 1 SR-Bank Forretningspartner AS, avdeling Bjørnafjorden, vart halde på kommunehuset Tysse 09.01.2024. Kurset var open for alle og av 14 påmeldte deltok i alt 13 personar, av desse 5 medlemmar i Næringsforumet. Hensikta med kurset var å gje deltakarane innsikt i kva dei sjølv kan gjera for å få ned kostnadane til regnskapsføring, kontoavstemming og rapportering av MVA avgift.

Høyringsuttalesar:

Innspel til oppstart Reguleringsplan for fv.49 Steinsdalen-Eikedalen, skredsikring Tåkagjeldet

Samnanger Næringsforum har merka seg det nye løysinga for FV. 49 der den planlagde tunellen kjem ut lenger inne i Steinsdalen (eit stykke før Lid Jernindustri). Denne løysinga er tilrådd av fylkeskommunen. På Samnanger sida av Kvamskogen er det to alternativ som synes aktuelle, det eine med påslag i Eikedalen og det andre ved Mørkhølen eller Frøland.

Ved å velgje det lengste alternativet unngår ein opp- og nedstigning, og ein vil unngå vegstrekningen mellom Mørkhølen og Eikedalen der det er 3 smale bruer med (ei køyrebane). Vegen opp frå Mørkhølen har ein svært knapp sving der store køyretøy ofte får problem på glatt føre. Næringsforumet kjenner ikkje til kva alternativ som vert føretrekt av vegmyndigheitene.

Innspel til framtidig tilknytning til E134 Haukelivegen med «arm til Bergen».

Statens vegvesen har anbefalt det billigaste alternativet for «arm til» for E134 Haukelivegen frå Jøsendal ved Odda med tilknytning til E16 ved Trengereid. Alternativet fylgjer eksisterande FV.49 via Odda, gjennom Folgefonntunnelen og Jondaltunnelen, så med ferje eller bru over Hardangerfjorden og vidare via Norheimsunds og Samnanger. Denne traseen er no endeleg vedteken i Samferdselsdepartementet.

Traseen er i bruk i dag, mest for trafikk mellom Bergen og Hardanger og vidare mot sør- og austlandet over Haukeli, men med auka trafikk treng vegen utbetringar fleire stader. Løyvingar til nødvendige utbetringar kan takast over tid, men nokre kritiske punkt må utbetrast snarast som fork eksempel rassikring av Tokagjelet. For Næringsforumet synes det naturleg at Statens vegvesen og Fylkeskommunen samarbeider om dette prosjektet.

Samnanger Kommune har lagt ut på høyring **strategisk Næringsplan for perioden 2025 – 2028** som skal vera eit styringsverktøy for Samnanger kommune sin satsing på næringsutvikling og etableringar. Styret i Næringsforumet har studert planen og kommentert at visjonen skal være at Samnanger skal vera blant die føretrekte kommunane i Bergensområdet kva gjeld næringsutvikling og bustadbygging.

Me har lista opp 4 målsetjingar nemleg med strategiar for å nå målsetningane:

Målsetting 1: *Innan utgangen av 2028 skal Samnanger kommune ha tilgjengeleg tilstrekkelege nærings- og bustad områder samt sentrums og friluftsliv områder med tilhøyrande infrastruktur, for å kunne handtera ein vekst på 200 nye innbyggjarar og 75 nye arbeidsplassar i løpet av 4års perioden.*

Målsetting 2: *Innan 2028 skal Samnanger kommune være ein attraktive kommune når det gjelder å tiltrekke seg arbeidskraft og å etablere kompetansearbeidsplassar.*

Målsetting 3: *Innan 2028 skal Samnanger kommune ha eit godt vekstmiljø for å etablere Næringsvirksomhet, innovasjon og utvikling Næringsvirksomhet, innovasjon og utvikling.*

Målsetting 4: *Innan 2028 skal Samnanger være ein føretrekte kommune kva gjeld offentlege tenester knyta til å driva og å etablera næring.*

Både målsetjingane og strategiane, med nokre unntak, samsvarar med strategiske næringsplanen som kommunen har utarbeida.

Bruk av massar frå K5 (Arna - Stanghelle):

Samnanger Næringsforum har tilgang til «Tiltakspakke Fv 7 – no Fv 49», som peikar på ei rekke tiltak på Fv 49 som vil betra trafikkforholda og gjera vegn tryggare for alle vegfarande som:

- Nytt samanhengande gang- og sykkelvegtilbod Trengereid – Ådland
- Krabbefelt for tunge køyretøy i Trengereid-dalen (er no inkludert i reguleringsplanen for tiltaket, i tillegg til parkeringsplassen ved syd enden av Langevatnet)
- Ny utfartsparkering og tilrettelegging for buss ved Gullbotn

Det er laga eit fellesprosjektet for Bane Nor og Statens Vegvesen. Tiltakspakken er datert 11.03.2019, men me kjenner ikkje til at tiltaka som er peika på i tiltakspakken er teke særleg omsyn til i endelege reguleringsplanen. Unntaket er parsell 2 - Trengereid dalen – Gullbotn, som omfattar samanhengande gang- og sykkelveg frå Trengereid til utfartsområde, og krabbefelt for tunge køyretøy frå Trengereid dalen til toppen ved Gullbotn.

Reguleringsarbeid for detaljregulering Samnanger Næringsområde.

Samnanger Næringspark AS har engasjert Agde Arkitektur AS 4580 Lyngdal, for å få utarbeidd detaljregulering av eit område ved Masterskaret i området opp mot vegen til Li. Formålet me planarbeidet er å leggja til rette for utvikling av eit næringsområde for plasskrevjande næringar i Samnanger Kommune. Samnanger Næringsforum ga uttale til planen i brev 06.01.2025 til Agde Arkitektur AS, med kopi til Samnanger Kommune, og stiller seg positiv til tiltaket, men meiner det bør setjast krav om gang og sykkelsti fram til anlegget. Det bør også gå fram av reguleringsplanen løysing for vatn og avløp.

Planer for 2025:

- Invitera nye medlemmar.
- Søka støtte (midlar frå Fylkeskommunen).
- Starte grunderhjelp.
- Arbeida vidare med elvekrafts utvikling i Eikedal vassdraget.
- Arbeida for å få oppheva vernevedtaket i Eikedal vassdraget og Storelva.
- Hjelpa nye verksemder som vil etablera seg i Samnanger, med informasjon og rettleiing.
- Arbeida tett saman med næringsutvikling avdelinga i kommunen.
- Utføra samfunnsoppdraget i Samnanger Næringsforum.
- Oppdatere og distribusjon av ny turist- og aktivitets brosjyre for Samnanger.
- Uttale til trase for kraftline frå Blåfall(Mauranger – via Børdalen til Øygarden).
- Ny informasjonsmast (ved Ådland, Bjørkheim, Tysse og Brudesløret).
- Uttale til planar om nye næringsareal i kommunen, som for eksempel Raunekleiva og Ådlandsmarka.
- Fylgja opp tilbodet om innmelding i Næringsforeiningane for heile Norge.
